

Lang handsamingstid i kommunen



[Blir det ingen kamp mot tromsøpalma i år grunna sein handsamingstid i kommunen?](#)

”- Vi har for tida stor saksmengd og pågang av nye saker. Saka di vil verta handsama innan september 2007.”

Dette er formuleringa til sakshandsamar Vivik Rimestad i eit brev ho har sendt til fleire som har søkt om tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket for 2007.

Ein av dei er Berit Harriet Døssland på Døssland, som driv med geit.
Ein annan er Kjell Yri, som på vegne av Uskedal Utvikling har teke initiativ for å bekjempe tromsøpalmas aggressive vekst i området rundt skulen.

Alle som vender seg til kommunen skal ha eit førebels eller endeleg svar innan tre veker og det er dette Rimestad viser til.

Det heiter i forvaltningslova at ”dersom det må forventes at det vil ta uforholdsmessig lang tid før en henvendelse kan besvares, skal det forvaltningsorgan som mottok henvendelsen, snarest mulig gis et foreløpig svar. I svaret skal det gjøres rede for grunnen til at henvendelsen ikke kan behandles tidligere, og så vidt mulig angis når svar kan ventes”.

Av Ola Matti Mathisen